

BESTILLINGSDOKUMENT FOR FORVALTNINGSREVISJON

TIL: Deloitte AS

FRÅ: Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Prosjektnamn

Forvaltningsrevisjon - Reiseliv

Bakgrunn

Bakgrunnen for forvaltningsrevisjonsprosjektet er plan for forvaltningsrevisjon basert på overordna analyse. Plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020 vart vedteken av fylkestinget 18. oktober 2016 i sak 41/16 og i vedtaket vart prosjektet musea i Sogn og Fjordane prioritert som 4. prosjekt for gjennomføring i perioden. To av dei tre første prosjekta er bestilt og under arbeid. Det tredje, oppfølgingstenesta inkl. helse- og miljøretta tiltak i skulen vart utsett då opplæringsavdelinga skal gjennomføre ei omlegging/oppfølging av OT-tenesta, som er planlagt gjennomført våren 2017. Musea vart sett i bestilling våren 2017. Etter dette valde utvalet å bestille eit prosjekt innan opplæring og valet vart på karriererettleing i vidaregåande skule. I møte 21. november diskuterte utvalet neste prosjekt, og kom fram til at Reiseliv var det mest aktuelle. Utvalet ba kontrollsjef utarbeide bestilling til neste kontrollutvalsmøte.

Formål

Formålet med dette forvaltningsrevisjonsprosjektet er å få undersøkt i kva grad fylkeskommunen ivaretek si rolle overfor reiselivsaktørane i fylket. Det er også ein del av formålet få vurdert rutinar og oppfølging rundt fylkeskommunen sine tilskot til reiselivssatsinga.

I Planen for forvaltningsrevisjon står det:

Reiseliv

- Organisering av fylkeskommunen si satsing innan reiseliv
- Rutinar for tildeling og oppfølging av tilskot
- Måloppnåing
- Regeletterleving

Forslag til problemstillingar

- Korleis er organiseringa av fylkeskommunen si satsing innan reiseliv?
 - ✓ I kva grad er organiseringa føremålstenleg?
 - ✓ I kva grad har fylkeskommunen sett mål for reiselivssatsinga?
 - ✓ Korleis er måloppnåinga?

- Kva rutinar har fylkeskommunen for tildeling av tilskot innan reiseliv?
 - ✓ I kva grad er dette føremålstenlege rutinar?
 - ✓ Korleis vert rutinane følgt?
 - ✓ Ivaretek fylkeskommunen rolla si i samsvar med lover, regler og fylkestinget sine instruksar?

- Kva tilskot yter fylkeskommunen innan reiseliv?
 - ✓ Kva krav stiller fylkeskommunen til dei som mottok tilskot?
 - ✓ Korleis blir bruken av tilskota følgt opp av fylkeskommunen?
 - ✓ Kva rutinar har fylkeskommune for å følgje opp bruken av tilskot?
 - ✓ Blir oppfølging og rapportering av dei fylkeskommunale tilskota innan reiseliv i Sogn og Fjordane utført i samsvar med politiske vedtak og avtalar?

- I kva grad ivaretek fylkeskommunen satsinga innan reiseliv i samsvar med regelverket?
 - ✓ Kva kontrollaktiviteter vert gjennomført for å sikre at fylkeskommunen når sine mål og følgjer lovverket innan reisleivssatsinga?

Revisjonskriterium

Revisor vert oppmoda om å få på plass og gjennomgå revisjonskriteria, eventuelt i samråd med kontrollsjef. Endelege revisjonskriterium vert bestemt i kontrollutvalet si handsaming av prosjektplanen.

Avgrensing og omfang av prosjektet

Økonomisk ramme: Utvalet ynskjer ei vurdering av økonomisk omfang ved gjennomføring av denne forvaltningsrevisjonen, og ber om ein plan for dette prosjektet vert utarbeidd innan 1. februar 2018, slik at den kan leggest fram for utvalet i møte 20. februar.

Utvalet vil gjerne ha ferdigstilt prosjektet innan 3. september 2018 for handsaming i kontrollutvalet 25. september.

Stad:.....

Dato:.....

Frank Willy Djuvik
 Leiar i kontrollutvalet
 Sogn og Fjordane fylkeskommune